

Fra Hordaland Ungdomslag  
Strandgt. 77, Bergen.

Bergen den 10/11 -1943.

Til form. og styre i.....  
adr.....

*Urkedal ungell  
Urkedalen*

På landsstyremøte i Noregs Ungdomslag den 30. mkt. I942, vart det halde fram under handsaming av programposten "Film og teater", at fylkesformenn skal i samråd med einskildlagi finna ein skipnad for kinodrift, der det er høveleg hus til dette.

Dette er som De vil skyna, eit økonomisk spørsmål, og må løysast slik at det vert tenleg for laget og vert til bate for bygda. Om eit eiskildt lag ikkje maktar dette til å byrja med, kan der det er lagleg, fleire fril. ungdomslag gå saman og skipa eit lutlag.

I samsvar medd denne oppgåva, og for skuld kontroll, skal gjørast kjendt :

1. Laget sitt hus (om der er medeigarar) kan ikkje leigast burt til teater og filmframstillingar utan desse leigemann syner skriftleg løyse fra Hordaland Ungdomslag om bruk av husi åt dei fril. ungdomslag.

2. Lagsstyret eller sistvalde form. i laget er ansvarleg for at husstyret (der det er eit slikt) vert gjord kjend med dette, og at dette vert fylgt.

3. Dei som soleis vil leiga huset etter punkt 1., må ha løyve som der er nemnd, kven det so er som står som tilskiparar (arangørar). Lags eller husstyret må verna om lagseiga so godt dei kan.

Dei oppgåvone som Vestlandskontoret har peikt på, må ellers arbeidast med etter beste skyn. Sank tingarar på Norsk Ungdom.

Ynskjer styret greida på eit kvart vedk. lagsarbeidet, so står me til tenest.

Med lagshelsing frå

*Hordaland Ungdomslag  
Kaar*

\*\*\*\*\*  
(Fylkeslagsformann.)